



Det var stor oppslutnad under Heiocup 2006 (Foto: Magnhild Haugland)

**Søndag, 03. september, var det igjen duka for Heiocup. Born frå heile kommunen var samla og fekk drive med ei felles interesse; FOTBALL.**

Veret var så som så under årets Heiocup i Uskedalen. Men det såg ikkje ut til å leggja ein dempar på stemninga. Ungar frå heile kommunen var samla for å spele fotball. Her fekk alle både diplom og pokal; Kanskje det var difor fleire som tapa gong på gong synes det faktisk var heilt ok og tok tapa med stor ro.

Det var heller ikkje mangel på publikum. Foreldre, besteforeldre, vener og bekjente fylte opp sidelinjene. Alltid kjekt å sjå sine unge håpefulle gjere sitt aller beste for laget.

Bra gjennomført arrangement denne gongen også.

Sjå også biletserie [her](#).

-Magnhild Haugland



Ingenting å sei på innsatsen! (Foto: Dag Rune Sætre)